

Fra: Postboks, HFO, Høyring (hoyring@helse-fonna.no)

Sendt: 29.08.2016 15:04:51

Til: Kismul, Ingebjørg

Kopi:

Emne: VS: Høyring sluttrapport frå prosjekt Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Vedlegg: Sluttrapport frå prosjekt for Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjon....docx;image001.jpg

Fra: Knut Johannes Gram [mailto:Knut.Johannes.Gram@stord.kommune.no]

Sendt: 24. august 2016 09:50

Til: Postboks, HFO, Høyring

Kopi: Harry Herstad

Emne: VS: Høyring sluttrapport frå prosjekt Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Hei!

Syner til høyringsbrev frå Stord kommune datert 04.07.2016. Innhaldet i høyringsbrevet datert 24.06 frå administrerande direktør i Helse Vest og Helse Fonna som er vedlagt rapporten, gjer at me finn grunn for ein utvida kommentar. Denne er vedlagt.

Venleg helsing

Knut J. Gram
Kommunalsjef Stord kommune
Mobil: +4797552011

E. post: knut.gram@stord.kommune.no

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Vår dato: 18.08.2016
Vår ref: 2016/607 - 16721/2016 / 024
Dykkar ref:

Sluttrapport frå prosjekt for Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Stord kommune har fått til høyring rapport frå prosjekt for Stord sjukehus i høve Nasjonal helse- og sjukehusplan med frist 30.9.2016.

Rapporten viser ein grundig analyse som bakgrunn for ei tilråding av prinsipp for utviklinga av Stord sjukehus i Helse Fonna.

Me har vore med i prosjektgruppa og stadfestar at me står bak tilrådingane, jf. brev datert 1.7.16.

Høyringsbrevet datert 24.06.2016 frå administrerande direktør i Helse Vest og Helse Fonna som er vedlagt rapporten, gjer at me likevel finn grunn for utvida kommentar.

I brevet vert tilrådingane i sluttrapporten vurderte som «ei pakkøløysing». Dette gjev ei kjensle av at dei er føresetnader for einannan. Det er uheldig at ein administrativt set slike grenser i ettertid, om det er det som er gjort. Me er einige i at tilrådingane delvis heng saman og byggjer på einannan. Dei må følgjast opp med tiltak som og heng saman og som kan stetta målsetjingane.

Direktørane tek vidare særleg fram kulturbygging og felles fag- og kvalitetsutvikling som føresetnad for den tilrådde vidareføringa av akuttfunksjonane ved Stord sjukehus. Det er bra at det vert arbeidd med dette, men korleis skal det evaluerast og avgjerast om og når det er kome «på plass»? Slik me les dette høyringsbrevet lurar me på om akuttfunksjonane på ny vert sett i spel. Stord kommune og Sunnhordlandsregionen treng ein garanti for at akuttfunksjonane skal vidareførast som resultat av den prosessen me no har vore gjennom. Tida får visa om sentrale mynde tek initiativ til ny prosessar seinare.

Prosjektrapporten er mogleg uklar på ansvaret for dette utviklingsarbeidet og høyringsbrevet inneber ikkje noka avklaring. Den administrative leiinga i Helse Vest og Helse Fonna sitt ansvar må gå klart fram. Me sit no att med inntrykk av at ansvaret ligg på Stord sjukehus. Det naturlege er at bestilling etter prinsippa i rapporten kjem frå Helse Vest og vert gjennomført av helseføretaket ved strukturerte prosessar og funksjonsfordeling.

Me vil rosa Helse Vest og Helse Fonna for rask reaksjon i høve det å lokalt ta i bruk føringane i den nasjonale planen og at vertskommunen for Stord sjukehus vart tekne med slik at me kan stilla oss bak tilrådingane i rapporten.

Akuttfunksjonen ved Stord sjukehus må ikkje på nytt setjast i spel. Utviklinga av Helse Fonna bør følgja dei tilrådde hovudprinsippa gjennom samordna tiltak og funksjonsfordeling i heile føretaket

og regionføretaket. Leiing og ansvar for ein slik prosess må gjerast tydeleg i den vidare sakshandsaminga.

Med helsing

—
Harry Herstad
Ordførar

Knut J. Gram
kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift